Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7 | Fylke: Rogaland.
Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Erfjord.
Emne: Skav. | Bygdelag:
Oppskr. av: Gudmund Jårvik | Gard: Hamra.
(adresse): Vik i Erfjord | G.nr. | Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Her er ikkje ~~noko~~ ålment samna-
namn for dei ymse forslag utanom
høiet.
2. Skav, beit og lyng kallar ein
for markafor, skogafor, er og
jamt nytta. Ordet brom er
ikkje kjent her. Ein kallar
det for beit like til lauvet
er utsprotte, då nemner ein
det for lauv.
3. Framtid skava. notid skjeve.
fortid skav. har skove.
4. Ein har nytta skav til
krøterfor i vår bygd. Ein kallar
det for skav.
Føre år 1900 vart skav rekna
som regulert forslag. Men
etter den tid må det reknast
som hjelpefor i vanskelege år.
Men enno finst der ein og
annan som skjev litt kvar
vinter.
5. Det er ask som vart nytta
mest til skav. Raun og osp vart
og nytta. Ein skjev ikkje ór. lind.

1718

 

og skjeldan selja og vier.
Ein skjev ikkje barke her.
Det er ask, raun og osp ein
held gjevast til skaving.
Almen vert sjeldan skoren. Ein
ventar til han svar um våren, og
so flekkjer ein borken av han.
Dette kallar ein for å alma.
Almeborken vert rekna for å
vera det kraftigaste og nærings-
rikaste av alle slags bork.

6. Skjevlar kallar ein alle slag
treslag som er skavne.
Det vert ikkje nytta um noko
sers treslag.

7. Formi for rimet er.

Ask gjer kuna rask.
Osp jir smör i krösk.
Raunen för.
Almen gjör.
Seljå svelte
og vieren velte.

8. Det var ku, sau og geit som
fekk skav. Har ikkje høyrt at
hest fekk skav.
Dei fekk skavet for seg sjölv.
Har ikkje høyrt at nokon skav
år her.

9. Det auka i kyrne når dei fekk
alm.
Det vart ikkje nokon sers skilnad
på mjølka når dei fekk skav.
Men fekk dei mykje so vart ho beisk.
Fekk kyrne mykje alm vart dei såu i kjeften og ringe
til å gnaga når dei kom ut.

1718
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

 

Kjöte av krötör som hadde fått
mykje skav vart svart so det
var vanskeleg å selja.
Når ein gjev sauene skav laut
ein byrja med det frå hausten.
avdi sauene kasta lambi når dei
brått fekk mykje skav ut på
vinteren eller på vårparten.
10. Stundom dreg ein til skogs
eins erend for å henta mork.
Det hende jamt at ein skav
i skogen. Lars Hamre fødd
1872 fortalde at dei samla skav
snarast då dei gjekk på skogen
og hogde ned ösp, kvista henne.
og fekk av den harde ytre borken
nede ved roti med öks.
Dei skov so ospebrandane med
bandakniv. og bar skavet
heim i sekkjer på bag.
Hesjer av råter har ikkje vore
nytta her. Det var staur hesjer
dei nytta. Staurane som stod ned
i jordi hadde nabbar som stod
ut til eine sida. Desse staurane
var tjukkare enn vanleg kornstaur.
Dei la vanleg kornstaur i desse
nabbarstaurane.
11. Når ein hentar skavved segjer
sume at dei er på marka skog.
andre nyttar ordet å marka
Han er etter mork segjer
sume.

1718

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

12. Veden ein hentar kallar ein mork.
13. Me kjenner gjerningsordet å marka
Det tyder å samla mork, skavved
spesielt, ein nyttar det ikkje
når ein samlar andre slag skaga for.
14. Det er haust vinter og vår
ein hentar mork. Det har ikkje
vore sed at har folk skulde på skogen
på fastande hjarta og henta mork
lang fredag.
15. I gamle tider helt dei seg
inne i stova når dei skov.
Seinare helt dei til på kjøken, og
stundom heldt dei til ute.
16. Det var og er helst skavljå
dei nyttar til å skava med.
Sume nytta banda kniv.
Dei nytta og skavknivar som var
laga berre for skaving. Ein av
desse kallast for holskavel.
Der er handtak i båe endar.
Han er av tre med eit ljåsbrot
som går langs under og er slege
vinkel i båe endar desse endane går
upp i og stend fast i treet.
Treet er holt på undersida.
Denne kniven er på skap som
ein bakspeis, berre at han er
breidare enn denne. Ljåsbrotet
er 12 til 14 cm langt.
Ein dreg til seg når ein skjev.
Det har og vore nytta ein spesielt
laga kniv for ei hand. Det var hand-
tak i han som ein sette handi inn i.

1718

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

 

17. Her skjev ein ikkje hesjeved.
Ein har ikkje nokon serskrakk til
å skava store veabrandar i.
Brandane vert lagde i sagekrakken
eller i ei kluft.
Her på desse gardane er her mykje
ask som er kylt. Um haustane lauva
ein desse kylleaskane. Lauvstyven
legg ein slik at ikkje soli får skina
for mykje på han. Dersom han tur-
kar vert han ubrukande til skaving.
Lauvstiven køyrer ein heim på
snøføret. Lauvstyven vert so hogd
av i høveleg lengd. Det er umlag
70 cm. So kvista ein vel av morki
med ein lauvkniv og so kan
ein til å skava. Ein sit då på
ein krakk som ein kallar for geit.
skavegeit. Denne krakken er 83 cm
lang 45 cm hög. Han har 3 føter.
Ovanfrå ser han ut slik.




Den framste foten er avlang og går
gjenom planken eller kunen og upp
umlag 30 cm. Han tener soleis
både som fott og nabb. Denne
nabben stør ein so skavetjåen
mot og ein dreg morki til seg
når ein skjev. Der er hakk i
nabben til å stø ljåen mot.
Skavkel har ein ikkje høyrt på
desse kanter. Har ikkje høyrt at nokon
har nytta ein vanleg skavekrakk her.

1718

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

18. Stong som dei sette med eine enden mot golvet og den andre mot biten eller bjelken er kjend her. Men eldre folk har ikkje noko namn på henne. At ho vart kalla skavhel har dei ikkje høyrt. No vert ho ikkje nytta. Ordet skavhal kjenner me ikkje.

19. Dei sit til skrevs yver geitå nar dei skjev. Ljåen held dei med høgre handi og ein stør ljåen mot nabben på geitå. og dreg skavkjeppen til seg med vinstre handi.
Ein dreg kjeppen under ljåen.

20. Viden ein skjev kallar ein mork.

21. Borken som ein skjev av kallar ein skav. Ein har ikkje noko sers namn på dei små borkbitane.

22. Det er berre ved av tunne kjeppar som ein skjev på skavegeit. Upp til 10 cm i tvermål og so er morki umlag 70 cm lang.
Veden av store tre vert skovne i sagekrakkar eller på andre måtar.

23. Kjeppane som ein har skove kallar ei skjevlar (ein skjevedel.) I fleirtal segjer ein skjevlar.

24. Skavet skal vera reint og fint. Det er berre borken som skal fylgja med, ikkje noko av veden

25. Veden som ein skjev nyttar ein til koksved. Han vert ikkje nytta til flatbrødsteiking.

26 Ein nyttar framleis skav til for-
lorleg i ringe høyår.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

1718